

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune.

Kulturprisen  
til  
Magne Helge  
Sleire

Eldreprisen  
til Astrid og  
Reidar  
Birkeland



# Gudstenester

## 18.oktober

Frøyset kyrkje kl.11.00  
Gudsteneste v/Harald Sundsbø  
Utdeling av bibelforteljingsboka «Guds barn» til 10 åringane.  
Takkeoffer til SOS barnebyer

## 1.november

HELGEMESSESØNDAG  
Sandnes kyrkje kl.12:00  
Gudsteneste v/ Harald Sundsbø  
Tårnagentene tek del.  
Utdeling av bibelforteljingsboka «Guds barn» til 10 åringane.  
Takkeoffer til Sjømannskirken

Solheim kyrkje kl.17:00  
Gudsteneste ved Harald Sundsbø  
Sjømannskirken

## 8.november

Fjon fjellkyrkje kl. 14:00  
Gudsteneste v/Kristine Bleikli  
I samband med konfirmantleiren  
Takkeoffer til Fjon fjellkyrkje

## 15.november

Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste ved Harald Sundsbø  
Takkeoffer til Sjømannskirken

## 29.november

Solheim kyrkje kl 11:00  
Gudsteneste v/Harald Sundsbø  
Utdeling av bibelforteljingsboka "Guds barn" til 10 åringane.  
Takkeoffer til NLA Høgskulen

## Velkommen til kyrkja!

Hugs korona- reglane: Hald avstand, vask hendene og bli heime om du er sjuk.

I samsvar med Covid-19-forskrifta §13 fører me liste med namn på dei som er tilstades. Dette vert registrert ved oppmøte. Listene vert makulert etter 10 dagar.

# Vigde

26.09.2020 Marit Øksnes og Geir-Ove Vikane

*Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og vonde dagar set sin lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige liv.*

# Avlidne

19.08.2020 Selma Stockholm f. 1944

13.09.2020 Gerda Marie Halsøy f. 1930

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

## Digital bøsse til TV-aksjonen

Bidra til WWF sitt arbeid med å bekjempe plast i havet



## Samordna gudstenester i Masfjorden med ferjetidene over Masfjorden

Masfjorden sokn gjorde eit vedtak 16. juni om å endra gudstenestetidene slik at folk lettare kan koma til dei ulike kyrkjene og heimatt.

Gudsteneste sør for fjorden:

Ferje Duesund	klokka 11:30
Gudsteneste	klokka 12:00 Sandnes kyrkje
Ferje Masfjordnes	klokka 13:15

Gudsteneste nordom fjorden:

Ferje Masfjordnes	klokka 10:00
Gudsteneste	klokka 11:00 Frøyset og Solheim kyrkje
Ferje Duesund	klokka 13:05

Prøveordninga gjeld ut året 2020 og kan verta forlenga



# BARNAS SIDE

## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg


Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalte gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet  
**BARNASTIL** eit barn  
du er glad i!

Dese oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## VITSAR

- Ole var ikkje  
verdas smartaste pilot.  
Han flaug inn mot  
Gardermoen og fekk  
melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og  
posisjon!  
– Eg er 178 centimeter  
høg og sit heilt fremst  
i flyet, svara han.

I Molbotland  
er det veldig  
strenge trafikklover  
når det gjeld sikker-  
heitsbeltet:  
Første gong du blir tatt  
utan å ha på deg beltet,  
får du 1000 kroner i bot.  
Andre gong får du  
2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir  
sikkerheitsbeltet  
inndrege.

# Trusopplæraren sitt blikk før, under og etter konfirmasjonane i Masfjorden

Dagen før tok eg finpussen med strykejernet på kappene, og fekk på plass stativet til perlene i Kristuskransen. Kvar kunne det stå utan å vera i vegen for nokon? Slutthelsinga låg ferdig og klar på lesepulten. Korta med bøner til konfirmantane var på plass i prestesakrestiet.

På sjølve dagen og på ulike tider kom konfirmantane så strålende, flotte og med litt fleire sommarfuglar i magen enn på øvinga tidlegare i veka. Ein siste gjennomgang av kva dei skulle seia og kva dei skulle gjera. Eg hadde nok fleire sommarfuglar som baksa på enn det dei hadde, for eg sa stadig feil til dei og brukte endå til feil namn på dei. Dei hadde visst roen likevel.

Kyrkjeklokkene ringjer og me stiller opp i våpenhuset. No er det like før, klokkar Lillian Andvik er i gang med å orientera om gudstenesta. Lat oss vera stille for Gud, tre klokkeslag og dørene vert opna. Kyrkjelyden reiser seg, Anne Merethe spelar oss inn i kyrkjerommet og konfirmantane trør andektig opp midtgangen. Eg kjenner meg rørt.

Det storlåtte vekslar med det kvardagslege. Då konfirmantane presenterte Kristuskransen og skulle setja perlene inn i stativet sat eg på otte. Stativet er ei isoporplate på ein stol. Kom den til å knekka i to eller velta stolen? Nei, det gjekk fint. Men eine gongen- då siste kula kom på plass ramla mange av dei andre kulene ut og bortetter golvet. Då var det støttande med latter frå kyrkjelyden.

Støttande fellesskap var det å be saman med kyrkjelyden i Sandnes kyrkje: «Fader vår, du som er i himmelen...» på akkurat same måten som besto mi lærte meg å be. Det gav òg eit fellesskap å stå inne i alterringen og få vera med å be for kvar enkelt konfirmant. Det gjev ei heilt eiga kjensla av å ta del i noko som er større enn meg sjølv.

Etter siste gudstenesta hang kappene igjen etter konfirmantane som trippa ned trappa. Då kom det over meg eit vemod, - dette var siste gongen eg får vera saman med dei som konfirmantar.

Eg står att og kviler i tru og håp om at dei har fått med seg noko verdifullt frå tida som konfirmantar.

Trusopplærar  
Helga Ekehaug



# Konfirmantar i Frøyset

"Dette er ei konfirmasjonsgudsteneste ulik alle andre," sa sokneprest Harald Sundsbø i talen sin. Det hadde han heilt rett i!

Grunna smitteverntiltak som var sett i verk, hadde ein delt konfirmantane i to grupper, og så vart det gjennomført ei eiga gudsteneste for kvar gruppe. På den måten var det mogleg å la fleire i konfirmantane sine familiar fylge dei unge i denne høgtidlege hendinga.

Omsyn til smittevernet hadde også ført med seg at den tradisjonelle samtalegudstenesta var teken bort. I staden vart konfirmantane tekne med inn i gjennomføringa av gudstenesta ved at dei fortalte dei frammøtte litt om kva dei ulike perlene i Kristuskransen symboliserte.

Kristuskransen er kjernen i det pedagogiske opplegget for konfirmasjonsførebuinga i Masfjorden. Innlegget til konfirmantane var eit fint innslag i ei vakker og verdig konfirmasjonsgudsteneste.



Preika for dagen tok utgangspunkt i forteljinga om Marta og Maria, og Harald Sundsbø nytta høvet til å minne konfirmantane og dei som elles var til stades om kva som kanskje hadde ein forgjengeleg verdi, og kva verdiar som varer evig.

Ei helsing frå Helga Ekehaug til konfirmantane tok utgangspunkt i eit dikt som handla om livsmot, om mot til å stå i dei ulike situasjonar som livet kan by på.

Tekst og foto: Rune Garmann

# Konfirmasjonsdag i Sandnes kyrkje

«Kristuskransen» er eit «læreverk» som er laga av ein svensk biskop, og brukt også i norske kyrkjelydar. Ein krans av perler i ulike storleikar og fargar hjelper oss til å læra meir om den kristne trua.



*«Jeg går og kjenner glede over dagen  
og at jeg er på kirkevei.  
Jeg går og takker for at det var dette  
som etter ukens strev ventet meg.  
Her ligger kirken min. Nå er jeg fremme.  
Her vil jeg sitte ned og være hjemme.»*

Dette verset av Liv Nordhaug set ord på gleda over ei gudsteneste. Og denne søndagen var det nok mange som hadde sett fram til. Eg gledde meg til å sjå mine tidlegare elevar som konfirmantar, og møtte fram til den første gudstenesta kl. 10.15. På galleriet møtte eg Anne Merethe, som er hjarteleg velkommen tilbake etter permisjon. Til fint preludium kom dei tre konfirmantane inn saman med vikarprest Harald Sundsbø og medhjelpar Helga Ekehaug. «Deg være ære» er ein mektig salme å starta med. Liturgien i ei gudsteneste har mange ledd der me kan vera med i tale og tone, og det er enkelt å fylgja med når teksten står på veggen:

*«Gud, ver meg nådig. Eg har synda mot deg og svikta min neste--med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reink hjarte, og gjev meg kraft til eit nytt liv ved din heilage Ande.»*

Konfirmantane fortalte kva perlene betydde, og festa dei i kransen. Seinare kom kvar konfirmant fram til altarringen, og prest og medhjelpar bad for dei. Det er mektige minutt! Og kanskje tøft og motig for ein ungdom å gå fram åleine?

Preiketeksten for dagen var frå Matteus 20,1-16: «Likninga om arbeidarane i vingarden.» Arbeidsgjevaren gav alle arbeidarane same løn, sjølv om dei starta tidleg eller sein på dagen. Gud

har ei oppgåve til oss alle dersom me vil vera med i hans arbeidslag, og han løner oss med nåde og tilgjeving, ikkje etter innsats slik me menneske ser det.

Medhjelpar Helga takka for tida saman med konfirmantane, ei tid som vart svært annleis enn planlagt.

Offeret gjekk til kyrkelyden sitt eige arbeid. Det gledde meg at nokre av salmane har eg sunge med desse elevane på skulen, og eg håpar dei òg var glade for det!

Då gudstenesta var slutt, var det faktisk opplett og solgløtt ute. Dei neste tre konfirmantane var komne til neste gudstenesta kl. 12, og det vart teke samla bilete både inne i kyrkja og utanfor.

Tekst: Elbjørg Mjanger

# Konfirmasjonsgudsteneste i Solheim kyrkje

Søndag 20. september, som er 16. søndag i treeiningstida var det endeleg duka for konfirmasjonsgudsteneste i Solheim kyrkje. Ein dag som mange hadde venta på lenge.



Dei tre konfirmantane Sivert Kvamsdal Håvåg, Bendik Rugseth Kvamsdal og Ulrik Vågseth kom høgtideleg spaserande inn kyrkjegolvet i kvite kappar saman med trusopplærar Helga Ekehaug og prest Harald Sundsbø.



Endeleg var det deira tur. Kyrkja var så full som den kunne vere med festkledde gjestar og familie til stades. Det flotte var at med god organisering i forkant var det plass i kyrkja til alle inviterte.

Helga, Sivert, Ulrik og Bendik presenterte Kristus -kransen og betydinga av alle trusperlene som minna oss om viktige sider ved vår kristne tru. Dei var tydelege og trygge i framføringa.

Ordet konfirmere betyr bekrefte eller styrke. I Den norske kyrkja er konfirmasjonshandlinga ei forbørnshandling der ein ber Gud om å velsigne og å styrke kvar enkelt konfirmant.

Konfirmantane knela ved alterringen, der presten og trusopplærar ba for den enkelte med handspålegging.

Trusopplærar avslutta gudstenesta med å takke konfirmantane for tida ilag, med gode ord og diktet «Våg og være» av gateprest Hans - Olav Mørk.

Så vandra konfirmantane høgtidleg ut av kyrkja, ut i verda, kanskje ikke så vaksne som dei blei etter konfirmasjonen før i tida, men med mange gode ord med seg som:

*Våg å være, våg å leve nå, velg veien sjølv og Du er verdifull!*

Det var ei varm og inkluderande konfirmasjonsgudsteneste med fin preiketekst, song og deltaking for oss som var i kyrkja denne søndagen. Takk for ei fin stund!

Tekst og foto: Bente Håvåg

# Ungdomsdemokratiet

Soknerådet valde å senda ein representant, Bergit Ynnesdal, til ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme. Ho vart vald inn i Bjørvin bispedøme sitt ungdomsråd. To representantar frå ungdomsrådet vart på dette tinget vald til å vera med på ungdomens Kirkemøte 2020, deriblant Bergit Ynnesdal.



Ho var 2. – 5. oktober på ungdomens kirkemøte i Stjørdal. Ei av sakene som vert diskutert der:  
[\*\*04/20 Debattklima - hvordan snakker vi om og til hverandre\*\*](#)

*Mange opplever at klimaet i den offentlige debatten og i kommentarfelt på nett blir hardere og mer polarisert. Dette er tema i fokusaken på UKM, der UFUNG har utfordret bispedømmenes ungdomsting, ungdomsråd og kristne barne- og ungdomsorganisasjoner til å arbeid med teamet.*

## Tårnagenthelg

**Bli med på å utforska klokketårn, symbol og bibelforteljingar i kyrkja!**

Fyller du 7, 8, eller 9 år i 2020 og bur i Masfjorden treng me deg til å løysa oppdrag og mysterium i Sandnes kyrkje.

**Laurdag 31. oktober klokka 15:30 – 19:30** med eit måltid klokka 17:00 og søndag 1. november klokka 10:00 – 13:00

Inviter gjerne med familie, vene og fadrar til Gudstenesta klokka 12:00 på søndag 1. november i Sandnes kyrkje

Påmelding innan onsdag 21. oktober på e-post til [helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no) med: Namn på deltakar, alder, e-post og telefonnummer til foreldre/føresette og mogelege allergiar.

Me treng leiatar til å få dette til. Vil du laga pizza? Vil du laga til saft, servera og rydda? Vil du registrera dei som kjem, leia song, førebu kyrkja med laborynt før tårnagentane kjem? Leiatar i alle aldrar er velkomne til å vera med! Ta kontakt!



Me har alle behov for inkludering, tryggleik og fellesskap. Kanskje det kan vera godt for barnet ditt med særleg tilrettelegging enten på ein fysisk, sosial eller pedagogisk måte? Ta kontakt og gje oss informasjon om korleis me kan leggja til rette for ei god oppleving i kyrkja. Telefon 56166262 eller e-post.

Kyrkja i Masfjorden  
Helga Ekehaug, trusopplærar

# Helgemesse- minnemarkering og tårnagenter

Både i Masfjorden og mange stader rundt om i landet er det ein lang tradisjon å minnst dei som er gått bort siste året i ei gudsteneste- gjerne på Helgemessesøndag. Difor vil me vil me invitera dei som har mista ein av sine næreste.

I gudstenesta vil me lesa opp namna på dei som er døde det siste året (sidan Helgemessesøndag i 2019) og tenna eit lys for kvar familie. I tillegg vil me be for dei i forbøna.

Sandnes kyrkje 1. november klokka 12:00  
Solheim kyrkje 1. november klokka 17:00

Dette året er det ikkje gudsteneste i Frøyset kyrkje den dagen. Markeringa vil skje i Frøyset kyrkje 15. november klokka 11:00

Denne søndagen handlar tekstane også om håp. Håpet som vil skina gjennom spring ut av trua på den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Håpet om ny himmel og ei ny jord, der liding, sjukdom og død ikkje vil eksistere meir. Håpet om ein dag å få sjå att alle dei som har gått føre oss.

I år er tårnagentane invitert til å utforska kyrkja, klokketårn og løysa nokre mysterium i kyrkja laurdagen. Søndag tek dei del i gudstenesta.

Med helsing vikarierande sokneprest i Masfjorden, Harald Sundsbø

## Helgemesse- førstehjelp ved sorg

Konfirmantane deler ut brosjyre og lys laurdagen før helgemessesundag



1. november er i dag ein fridag i mange katolske land. Slik var det også i Noreg fram til 1770 då ei rekke helgedagar vart avvikla eller flytta. Hjå oss er **Helgemesse no alltid lagt til første søndag i november.**

Helgemesse er ein festdag i kyrkja vår med kvit som liturgisk farge på lik linje med dagar i jula, påska og to andre enkeltståande dagar. Det er ein minnifest for alle dei som har gått føre, både helgenar, martyrar og familiemedlemmar.

Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det. Johs 1,5

**Dagen før Helgemesse** vil konfirmantane stå på fire butikkar i Masfjorden saman med nokon frå soknerådet og dela ut ei brosjyre om førstehjelp ved sorg og eit ljós.

Korleis kan me vera eit ljós for menneske i sorg? Sorg kan vera så ulik. Grunnlaget for sorg kan òg vera så ulikt. Sorg kan koma med det same, eller sigande over tid. Grunnen for sorga kom koma brått eller jamt og trutt. Det kan vera død, sjukdom, brotne relasjonar eller draumar som brast. Det kan vera tungt for den sorgjande å

kjenne på sorga. Dei sorgjande møter sorga på så ulikt vis og det kan vera godt for oss andre å finne litt tips og støtte i korleis me kan møta sorgjande.

*Derfor har kyrkja samla tankar og konkrete tips som gjer det litt lettare for oss å vere til stades for medmenneske i sorg. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho blir delt. Kyrkja har lang erfaring med å møte og støtte sorgjande. Tipsa her er meinte som ei hjelpe i den første tida, når nokon har mista ein dei er glad i.*

Desse tipsa er samla i ein faldar: Førstehjelp ved sorg. Laurdagen før denne søndagen deler konfirmantane ut ljós i ei lita øskje og denne faldaren på fleire butikkar i Masfjorden.

### Koronatiltak

Alt som vert delt ut er pakka i samsvar med god hygienen og smittevern. Etter sist kontakt med kommunlegen var det for tidleg å sei noko om dette tiltaket kan gjennomførast. Dette tiltaket kan dermed verta avlyst. Me har difor med det meste av informasjon i denne utgåva av Masfjordingen.

### Lenke til plakat:

[https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/907c37b7e238408aa28196c50788172b/forstehelpsorg\\_plakat\\_nynorsk.pdf](https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/907c37b7e238408aa28196c50788172b/forstehelpsorg_plakat_nynorsk.pdf)

### Eller faldar:

[https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/907c37b7e238408aa28196c50788172b/forstehelpsorg\\_folder\\_nynorsk.pdf](https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/907c37b7e238408aa28196c50788172b/forstehelpsorg_folder_nynorsk.pdf)

# Guds barn

Fyller du 10 år i år og bur i Masfjorden?

Kom til kyrkja, få bok frå kyrkjelyden og bli minna om at me er alle Gud sine barn.

Bibelen handlar om at kvar og ein av oss- kvar jente og kvar gut- er unike. Gud seier: «Eg kjende deg før du vart fødd» Gud skapte deg akkurat slik du er, slik at du kan fi av deg sjølv som ei spesiell og verdifull gáve til verda. Gud skapte oss alle ulike, men han elskar oss alle like høgt, for vi er alle Guds barn. Same kva som skjer, vil Gud aldri slutte å elske deg.

Desmund Tutu



I denne boka fortel erkebisop Desmond Tutu ei rekke kjende og mindre kjende historier om miskunn, tvil, rettferd og kjærleik. Med visdom og livserfaring minne han om at vi alle er Guds barn.

(I 1984 fekk erkebisop Desmond Tutu Nobels fredspris for sin livslange kamp mot apartheid fo for likskap, rettferd og fred i Sør-Afrika.)

**Frøyset kyrkje 18. oktober klokka 11:00  
Sandnes kyrkje 1. november klokka 12:00  
Solheim kyrkje 29. november klokka 11:00**

I Frøyset vert det ei samling i kyrkja laurdagen før. Føl med i facebookgruppa for foreldre og føresette for ti åringane.

## Har du vore på konfirmantleir på Fjon?

Enten du svarar ja eller nei så er du velkommen på gudsteneste på **Fjon fjellkyrkje saman med konfirmantane 8. november klokka 14:00**

Når eit barn vert døypt i Masfjorden tek me som høyrer til i kyrkja del i eit heilagt ansvar for å gje barnet tilhørysle til vårt kristne fellesskap. Det er mange måtar å gjera dette på. Denne gongen

oppmodar me i konfirmantteamet at du kjem til Fjon fjellkyrkje søndag 8. november. Der vil konfirmantane ta del i gudstenesta som startar klokka 14:00. Kom og feir gudsteneste saman!

Helsing konfirmantteamet:  
Maja Aven Dale, soknerådet  
Helga Ekehaug, trusopplærar  
Anne Merethe Reknes, organist  
Kristine Bleikli, konfirmantprest



# Det er ikkje greitt når orgelet syng på siste vers

Orgelet i Frøyset kyrkje er i svært dårleg forfatning. Somme tider er det heilt taust, andre gongar lagar det berre ulyd. Når det innimellom kling slik ein vil det skal klinge, kan ein aldri vite kor lenge det vil vare. Utan varsel kan det tagne, eller begynne å produsere ulydar. Orgelet er soleis ikkje spelbart, og i tida fram til eit anna orgel er på plass, så er Frøyset kyrkje i praksis utan orgel.

På møte den 24. september vart Masfjorden fellesråd gjort merksamt på situasjonen, og ein valde å oppnemne ei orgelnemnd som skal sjå på situasjonen og skissere ei løysing og ei kostnadsramme for denne. Nemnda er sett saman av kyrkjelydsmusikar Anne Merethe Reknes, kommunal representant i Fellesrådet Torill Torsvik, samt underteikna i eigenskap av soknerådsmedlem.

Nemnda hadde sitt fyrste møte fredag 2. november. På dette møtet gjorde ein opp status for dagens situasjon, og trekte nokre liner frametter. Desse er attgitt punktvis nedunder:

- Det noverande orgelet er ikkje tenleg slik det no framstår.
- Leverandøren som i si tid selde orgelet, har slutta å føre dette merket. Det finnест ikkje delelager til denne modellen, og firmaet som sist var inne for å sjå til orgelet, er ikkje lenger verksamt. Ein må difor leggje til grunn at ein ikkje kan få reparert orgelet av fagfolk og med originale delar.
- Nemnda har difor landa på at ein bør skifte ut dette orgelet med eit anna instrument. Ein kan då velje å gå for eit nytt digitalt orgel, eller sjå om ein kan finne eit brukte pipeorgel innanfor ei tilsvarande kostnadsramme.
- Eit viktig moment er forventa vedlikehald. Her har nemnda tenkt som så at medan ein kan forvente låge vedlikehaldskostnader på eit digitalt orgel, er det å forvente at det er dyrare å vedlikehalde eit tradisjonelt pipeorgel, og at eit brukte pipeorgel kanskje vil vere



dyrare å halde ved like enn eit nytt. Orgla i Sandnes og Solheim kyrkjer er pipeorgel, og nemnda meiner det er viktig at desse orgla vert vel tekne vare på i framtida, og ynskjer ikkje at ei orgelløysing i Frøyset kyrkje skal gjere det vanskelegare.

- Ut frå dette har nemnda samla seg om å utgreie nærmare ei løysing basert på innkjøp av eit nytt digitalt orgel. Ei enkel forundersøking har gitt at dette truleg vil ha ei kostnadsramme på mellom 250.000 og 300.000.

Det vidare arbeidet vil verte konsentrert om tre område:

- Nemnda vil sjå nærmare på kva som trengst for å finne ei løysing som er tilpassa Frøyset kyrkje, og som dekker dei behova ein måtte ha til eit orgel som fyrst og fremst skal vere eit liturgisk instrument, innan dei kostnadsrammene som er gitt. Dette arbeidet vil i si tid danne grunnlag for ein forespurnad om tilbod frå leverandørar.
- Nemnda vil leggje til rette for at sjølve innkjøpsprosessen kan skje i tråd med gjeldande lov- og regelverk for offentlege innkjøp, i den grad dette er relevant for innkjøpet.
- Endeleg vil nemnda sjå på korleis ein kan tenkje seg finansieringa av eit slikt innkjøp. Nemnda har alt sett på nokre finansieringsmodellar, men desse må ein sjå nærmare på før ein kjem med framlegg om dette.

Vi er i starten av ein lang prosess – kor mykje tid ein treng før ein har fått ei løysing på plass, er det ingen som veit i dag. Men orgelnemnda er innstilt på å få sine framlegg på plass så raskt som råd, og neste møte i nemnda vert i slutten av oktober månad. Vi er alle motiverte for å finne eit godt framlegg til løysing så snart som råd, for det er ikkje greitt når orgelet syng på siste verset.

Rune Garmann



## Kyrkja i Masfjorden med ny heimeside

Går du inn på <https://masfjorden.kyrkja.no>, vil du sjå at heimesida har fått ein ny utsjänad. Innhaldet på sida er også blitt endra ein del: Under velkomstteksten oppe på sida finn du tre felt :

- Feltet "Livets gang" er ein peikar til informasjon om dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.
- Feltet "Kyrkja i Masfjorden" fører deg til informasjon om kyrkjene våre, om arbeidet som skjer der, og om dei som driv dette arbeidet.
- Feltet "Kontakt oss" kan vere greitt å nytte dersom du vil nå einkvan som er tilsett eller tillitsvald i kyrkja vår.

Merk at du også kan finne denne informasjonen

via menyane oppe på sida. ( På små skjermar er menyane skjult bak ikonet med tre små vassrette strekar. ) Oppe på sida finn du også ei teikning av eit forstørringsglas. Peikar du på det, opnar det seg eit eige søkjefelt som du kan nytte dersom du vil leite etter informasjon ved hjelp av stikkord. Enn så lenge er ikkje all informasjonen frå den gamle sida lagt inn på den nye. Dette gjeld i hovudsak eldre nyhendeartiklar. Etter kvart vil desse verte gjennomgått, og artiklar som ein vurderer som aktuelle, vil verte lagt ut fortløpande.

Men vi vonar at det nye heimesida vert nytta til å formidle det som skjer i kyrkja no, og at det skal vere enkelt for dei som ynskjer å fylgje med, å få med seg dette.

Velkommen til å ta i bruk den nye heimesida.

Tekst og foto: Rune Garmann

## NAV Fensfjorden

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen, - eit område med 7 900 innbyggjarar. Masfjorden kommune er vertskommune og kontoret ligg på Hosteland, i Fensfjordbygg.

Vi har ope for publikum kvar tysdag og torsdag frå kl 10-12. Utanom det har vi samtalar med brukarane av våre tenester alle vekedagar, i den kommunen der dei bur. Vi er opptekne av å ha eit godt samarbeid med arbeidsgjevarar og næringsliv, og det betyr at vi er mykje på farten i heile området vårt.

Vi er for tida 14 personar som jobbar for NAV Fensfjorden og har delt oppgåver oss i mellom. Vi er både statlege og kommunalt tilsette, dei kommunalt tilsette er alle tilsette i Masfjorden kommune. Mykje av sakshandsaminga skjer digitalt og mange henvender seg til oss via telefon eller chat/nav.no.



Arbeidsoppgåvene til NAV er å følgje opp dei som er registrert som arbeidssøkjarar, sjukemeldte eller dei som mottar arbeidsavklaringspengar medan dei er i behandling for sjukdom, er i utdanning eller treng ekstra hjelp over i anna arbeid. Vi hjelper dei som har trøng for økonomisk sosialhjelp, midlertidig butilbod eller økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving. Vi er svært nøgd med dei nye lokala våre og ser fram til å levere gode tenester til dei som treng det.

Tekst og foto: Nina Strømsnes, leiar NAV Fensfjorden

# Hels på den nye helse- og omsorgsleiaren

I august fekk Masfjorden ny helse- og omsorgsleiari.



**Han heiter Oddvin Neson.**

**Oddvin Neson er oppvachsen på Eidslandet, og bur i dag på Øvre Helland i Modalen. Han er 53 år, gift og har tre vaksne barn.**

- Då eg las utlysinga til stillinga som helse- og omsorgsleiari i Masfjorden såg eg at kommunen etterspurde erfaring og kompetanse som høver godt til min bakgrunn, seier den nytilsette helse- og omsorgsleiaren. - Ansvarsområdet for denne stillinga kjenner eg godt frå tidlegare stillingar eg har hatt. Fram til 2017 var eg tilsett som assisterande rådmann i Modalen kommune, og hadde då ansvar for tilsvarande fagområde.

**-Kva utdanning har du?**

-Eg er utdanna sjukepleiar med mastergrad i organisasjon og leiing, og har over 20 års erfaring frå leiarstillingar i kommunesektoren. Dei siste åra har eg arbeidd som HR-rådgjevar i Bergen kommune i Etat for sykehjem. I denne etaten er det 2500 tilsette, så tilhøva der er av ein ganske annan storleik enn her i Masfjorden. Arbeidet mitt i Bergen har vore å støtta etatsdirektør og dei 22 einingsleiariane i personalarbeidet.

**-Kva eigenskapar vil du seja kjenneteiknar deg?**

-Eg er løysingsorientert og trivest i miljø der det er utvikling. Dei som kjenner meg seier at eg har ein positiv grunnhaldning og spreier glede rundt meg. Når eg kan hjelpe andre til å lukkast har eg ein god dag på jobb.

**-Kva er inntrykket av din nye arbeidsstad så langt?**

Mitt inntrykk er at Masfjorden kommune leverer gode tenester til sine innbyggjarar. Etter å ha vore rundt og snakka med einingane har eg møtt mange flinke og engasjerte tilsette som tek ansvar, og er opptekne av kvalitet i tenestetilbodet.

**- Kva tankar gjer du deg om arbeidsoppgåvene?**

-Som helse- og omsorgsleiari har eg eit overordna ansvar for helsetenesta, sjukeheimen, heimetenestene, omsorgsbustadene, forvaltninga og NAV-kontoret. Mine tankar om leiing byggjer på at tilsette skal få tillit og verta gjeve ansvar. Eg har møtt sjølvstendige og flinke leiilarar, og mi fremste rolle vert å støtta og rettleia der det trengst. Samstundes har eg forventningar til einingane og vil arbeida for å fremja utvikling. Helse- og omsorgstenestene vert heile tida utfordra på nye krav frå styresmaktene, og forventningane til ein liten kommune er dei same som til dei store. For oss kan dette verka overveldande. Eg er likevel oppteken av å ha ei drift som ivaretok dei krav samfunnet har til kommunen sine helse- og omsorgstenester, og at me finn arbeidsmåtar som gjer at me ikkje druknar i byråkrati, men får løyst dei praktiske oppgåvene.

**-Kva likar du å gjera når du ikkje er på jobb?**

-Eg likar veldig godt å vere bestefar, og er så heldig å ha to små jenter som lyser opp kvardagen. Elles er min store lidenskap å vera i fjellet. Jotunheimen og Rondane er faste turmål i feriane, medan fjellområda i Stølsheimen er den lokale favoritten resten av året. Sykling er ei anna stor interesse. Då eg arbeidde i Bergen sykla eg frå pendlarbustaden i Åsane til jobben i Bergen sentrum. No vert ikkje jobbsykling så enkelt, men nokon gonger har eg starta dagen litt tidlegare, parkert på Kringla, og sykla til Hosteland – fin start og avslutning på dagen.

Masfjorden kommune helsar velkommen og ønskjer lukke til i arbeidet.

Tekst og foto: Redaksjonen

# Geir er den nye rektoren på Nordbygda skule



**1. august tok Geir Follesø til som rektor på Nordbygda skule. Geir kjem frå stilling i Austrheim kommune der han har vore tilsett i 27 år som lærar på Kaland barne- og ungdomsskule.**

Dei siste åra har han kombinert denne jobben med å vera lokallagsleiar og hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Austrheim.

-I alle åra eg har vore tilsett i Austrheim har eg vore heldig å få leia mange skulerelaterte utviklingsprosjekt. Erfaringane herifrå er noko eg vil ta med meg inn i jobben som rektor ved Nordbygda skule, seier han.

-Kva ser du på som di viktigaste oppgåve som skuleiar?

- Eg brenn for at alle born skal ha ein trygg og god kvardag og oppvekst. Eg veit at trygge og glade born som gler seg til å gå på skule lettare klarer å å meistre og få kunnskap. For å få dette til er det viktig med samarbeid mellom ulike instansar rundt borna og i oppvekstmiljøet. Å arbeida slik saman med andre mot felles mål opplever eg som svært gjevande.

-Korleis er du som person?

- Eg er av natur optimistisk og entusiastisk. Eg ser på meg sjølv som ein ærekjær person som går heilt og fullt inn i rolla og jobben eg har påteke meg. At medarbeidarar har tillit til meg og kjem til meg når dei treng hjelp og støtte er noko som gjer meg audmjuk, men også noko som gjev meg energi.

-Kva likar du å gjera når du ikkje er på jobb?

-Eg er glad i friluftsliv og likar å gå turar både i nærmiljøet og i fjellet. Litteratur, kunst og musikk betyr og mykje for meg. For tida har eg permisjon frå Hjelmås mannskor der eg til vanleg syng 1. bass.

Masfjorden kommune ønskjer Geir velkommen og lukke til i det viktige arbeidet som rektor på Nordbygda skule.

Tekst: Redaksjonen

Foto: Rita Ludvigsen

## Skatteoppkrevjarfunksjonen blir statleg frå 01.11.2020

**Frå 1. november 2020 overtek Skatteetaten avsaret for skatteoppkrevjaroppgåvene som kommunane har i dag. Etter denne datoен er det ikkje lenger skatteoppkrevjar i Masfjorden kommune.**

Oppgåvene som blir overførte til Skatteetaten er handsaming av restskatt, skattepengar til gode, tilleggsforskat, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, motrekning og utleggstrekk knytta til skattekrav skatteattestar og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.

Meir informasjon finn du på <https://www.skatteetaten.no>.

Tekst: Mary Hope, skatteoppkrevjar



## Kulturpris til Magne Helge Sleire

**Magne Helge Sleire er tildelt Masfjorden kommune sin kulturpris for 2020. Overrekkinga fann stad på Sandneskaféen i forkant av kommunestyremøtet torsdag 10. september og det var ordførar Karstein Totland som sto for overrekkinga.**

I grunngjevinga for tildelinga heiter det mellom anna:

«Prisvinnaren har eit unikt engasjement for det han arbeider med. Han har ei lang karriere bak seg som filmskapar, med base her i Masfjorden. I løpet av åra han har jobba som filmskapar har han laga over 30 dokumentarfilmar og det er av desse berre to som ikkje har blitt vist på fjernsyn. Totalt har filmane hatt omkring 15 millionar sjårarar, og to av filmane han har produsert har vore nominert til Gullruten. I tillegg til dette er han også ein aktiv naturvernar, og har bidrege til å bevare naturmangfaldet i kommunen gjennom registrering, vern og merking av fugl, og fisk, samt hatt eit aktivt politisk engasjement knytt til vern av natur og miljø. Mange av filmane hans har nettopp dette som agenda, vern av natur som er så viktig for kommunen vår.

*I kampen for vern av natur og miljø kan nok prisvinnaren opplevast provoserede for mange i sitt arbeid og engasjement, og på den måten gjera seg upopulær og skaffa seg fiendar på sin veg. Likevel veit*

*me at det ofte er provokasjon som må til for å få merksemdund kring viktige saker, og at det krevst mot å ta kampen opp mot dei mektige kreftene i samfunnet, og deira agendaer.*

*Med denne prisen vil me først og fremst hylla prisvinnaren for den gode Masfjord-reklamen han gjennom mange år har stått for. Fleire av filmane har vore filma i, og har hatt hovudpersonar frå Masfjorden eller områda rundt, som td Odelsgutane, Stjernestunder, Fiskarbonden og dokumentasjonsfilmen om Kvamsdals fargeri. Dette har vore god reklame for kommunen vår, samt bidrege til å setja sørklys på viktige tema knytt til vår kulturarar.*

*Og i vår, då koronaen sette sitt preg på 17. maifeiringa redigerte han Masfjord-filmen, basert på innsendt filmmateriale frå innbyggjarane i kommunen. Prisvinnaren ivrar for å ta vare på kulturlandskapet og har også dei siste åra sett i stand husmannsplassen på Sleirsholmen.»*

Prisvinnaren var svært overraska over tildelinga og takka for at det arbeidet han legg ned vert verdsett av andre på ein slik måte.

Det er formannskapet som kvart år peikar ut kulturprisvinnar basert på innkomne framlegg.

Masfjorden kommune gratulerer Magne Helge Sleire med Kulturprisen 2020.

Tekst og foto: Masfjorden kommune



## Heidring av OL-vinnaren Kåre André

I februar gjekk det norske kokkelandslaget til topps i OL i kokkekunst. På laget var Kåre Andre Hjartholm fra Risnes.

I samband med kommunestyremøtet 10. september var det endeleg tid for Masfjorden kommune å heidra kokken og den formidable prestasjonen han og resten av kokkelandslaget sto for under kokkemesterskapet i Tyskland.

Kokke-OL er utan tvil den største konkurransen i kokkesammenheng. Store deler av verda er representert.

Konkurransen var delt opp i to. Del ein, «Chefs Table», gjekk ut på å fremja nasjonane sine råvarer gjennom seks små serveringar til eit dommarpanel. I tillegg måtte det presenterast eit fat som spegla visjonen til laget. Den

andre konkurransen foregjekk som ein restaurant der laget måtte køyra ein kjøkkenservice med ein tre-rettars meny.

-Me er stolte over det du og laget ditt har prestert, sa ordføraren i helsinga til OL-meisteren. -Du er ein god ambassadør for god kokkekunst, men og for kommunen du kjem frå. Mat og kvalitetsmat har dei seinare åra fått eit sterkare fokus, først og fremst takka vere media, og når me no ser at tidlegare prisvinnar Hellstrøm drar på åra, så er det kanskje du som i framtida kan ta over hans rolle på skjermen, avslutta ordføraren, til lått frå salen.

Ordføraren overrekte avslutningsvis blome og ein hødl til stjernekokken frå Masfjorden.

Tekst og foto: Masfjorden kommune



## Borgarleg vigsle:

15.08.2020 Gjertrud Oline Gullaksen og Mathias Sørensen

# Eldreprisen til Astrid og Reidar Birkeland



**Eldreprisen vart tildelt Astrid og Reidar Birkeland i samband med marknadsdagen på Nordbygda senter 3. oktober. Det var ordføraren som sto for overrekkinga.**

Eldreprisen har vore utdelt årleg sidan 2002. Tildelinga har vore fast post på eldrefesten 1. oktober, men i år måtte denne festen avlysast grunna koronapandemien.

Det er Masfjorden eldreråd som avgjer kven som skal heidrast. Pensjonistlaga kan koma med framlegg. Prisvinnar må ha gjort ein prisverdig innsats særleg som pensjonist mellom og for pensjonistar. Med andre ord; ein kvardagshelt.

I grunngjevinga står det:

*Eldrerådet har i år samla seg om to personar som saman har oppfylt vilkåra. I godt samarbeid har dei hjelpt pensjonistar som treng køyring for å koma på*



*butikk, møte og andre samankomstar. Sjølv om prisvinnarane har stor familie har dei tid og omtanke også for andre som treng ei handsrekning. Den lune veremåten deira gjer det kjekt å vera i lag med dei.*

*Frå Nordbygda pensjonistlag sin møteprotokoll finn ein namna deira nemnd langt tilbake i tid. I 2004 vart den eine tildelt blomar etter at han snikra talarstol til laget, elles har dei delteke med programinnslag, vore i styre og valnemnd. Den eine var ei tid leiar i pensjonistlaget. Det er mange andre ting som også kunne vore nemnd som fint snikkararbeid, verving og loddsal til inntekt for trengande i samfunnet.*

*Eldrerådet har lagt mest vekt på det arbeidet desse to har lagt ned i onsdagskafeen på sjukeheimen. Det arbeidet har hatt stor betydning og vore trivselsskapande for både besökjande og bebuarar. Me takkar for innsatsen.*

*Eldreprisen 2020 vert tildelt Astrid og Reidar Birkeland.*

Masfjorden kommune gratulerer!

Tekst:

Masfjorden eldreråd/Masfjorden kommune

Foto: Mary Hope



# Nytt frå biblioteket

Første august slutta Bjørg Kvingedal som filialstyrar på Sandnes filial. Ho hadde då nådd pensjonsalder. I hennar stad er Signe Marit Krossøy tilsett. Ho er og skulebibliotekar på Sandnes skule.

Vi er inne i ei merkeleg tid. Koronaepidemien set ein stoppar for mange aktivitetar også i biblioteket. Men då passar det kanskje ekstra godt med ei god bok. Ta deg ein tur innom biblioteket. Vi har vanlege opningstider og følgjer smittevernreglane med handsprit og avstand. Som regel er her god plass!

Denne hausten er det fleire kjende forfattarar som kjem med bok. Her kan nemnast: Jo Nesbø, Unni Lindell, Kjell Ola Dahl, Jørgen Brekke, Jørgen Jæger, Camilla Läckberg og Jørn Lier Horst for å ta med nokre som skriv krim. Sarah Jio og Jojo Moyes er populære forfattarar som og kjem med nye titlar. Elles kan nemnast Vigdis Hjort, Gaute Heivoll og Tore Renberg. Ketil Bjørnstad avsluttar serien «Verden som var min». Edvard Hoem og Jon Fosse gir ut nye bøker i haust. Torbjørn Færøvik har skrive «Kina på 200 sider», og så ventar vi på første bind av Tore Rem sin biografiserie om folkekongen Olav V. Og her er mykje meir å velje i!

Vi har ikkje starta opp att med bok- og strikkecaféane verken

på Hosteland eller Sandnes. Dette fordi her er litt for liten plass til at vi kan halde ein meter avstand. Vi håpar på betre tider i 2021!

## Smmarles

I år var 102 elevar frå 1. -7. kl med på Sommarles. Dette er litt mindre enn i 2019 og utgjer 64% av elevtalet. Vi kom likevel på 4.plass i Vestland fylke, rekna prosentvis av elevtalet i kommunen. Det må vi vere nøgde med. Stor takk til skulane for at dei har vore med og motivert elevane til å delta og hjelpt til med registrering. Og hurra for flinke lestarar!

I september har vi hatt avslutning av Sommarles. Pandemien gjer at vi ikkje kan ha alle elevane samla. Takk til skulane for at vi har fått låne timer til å ha eit lite arrangement der elevane har fått sett digital dramatisering av «Jack og bønnestengelen» sponsa av fylkesbiblioteket. Alle har fått diplom og om lag halvparten av deltakarane har vorte trekte ut til å få bokpremiar.

Tekst: Kjellaug Bolset Strand, biblioteksjef



## Masfjorden er så heldig å få besøk av Edvard Hoem.

Denne unike sjansen til å treffen den folkekjære forfattaren, må du ikkje la gå frå deg. Bøkene om Nesjefolket har lege på utlånstoppen til Masfjorden folkebibliotek siste åra. I år kjem Hoem med ny bok, Felemakaren. Her blir vi kjende med Lars Olsen Hoem, ein av dei fremste felebyggjarane i Noreg på 1800 -talet.

I tillegg til Hoem får du høre Fjon musikklag saman med Else Iren Westervik og Rune Garmann framføra nokre av salmane hans. Vi håpar på fullt hus denne kvelden. Er du sjuk kan du dessverre ikkje komme.

Elles følgjer vi smittevernreglane ved å

- Registrere frammøtte
- Halde avstand i salen
- Tilgang til handsprit

**Velkommen til ein triveleg kveld!**

Helsing Masfjorden folkebibliotek

# Robin Hood til Masfjorden

Dette skuleåret vil Robin Hood ri ut frå Sherwoodskogen og oppsökja fjord og fjell i Masfjorden. I alle høve vil teatergruppa i kulturskulen koma tett på denne legenda som opponerte mot styresmaktene, skatteinnkrevjaren og sheriffen, og som stjal frå dei rike og gav til dei fattige. No er dei i gang med sin versjon av skodespelet om Robin Hood. Til våren får me sjå resultatet.

Teatertilbodet i kulturskulen er lagt til helgesamlingar. 13 unge skodespelarar frå alle dei tre skulane i kommunen er med.

Det er første samling. Lærar Marit Nesse samlar gruppa i ein ring. - Aller først må me bli betre kjend med kvarandre, seier ho, og så er dei i gang med leikar og artige teaterøvingar som gjer at litt forsiktige og trøytte ungdommar vaknar til, og lydnivået stig.

Ut på dagen vert fokus flytta til manus, og deltagarane går i grupper for høgtlesing. På eit rom sit Sara, Kristin Agni, Synnøve og Embla. Dei les konsentrert.

-Dette har eg gledd meg lenge til, seier Synnøve.- Eg hugsar når den forrige gruppa viste Gubben og katten. Då fekk eg lyst til å mælda meg på teater, eg og.

- Eg gler meg til å vera på scena, seier Sara.- Og så blir det gøy når me skal ha på oss kostyme, seier Embla. – Det blir mykje å læra utanat, seier Kristin Agni og viser fram manuset.

-Kva roller skal de ha?

- Det veit me ikkje. Me får først vita rollene i morgen, svarar dei.- Marit vil bli litt meir kjend med oss før ho bestemmer kven som skal gjera kva i stykket.



Og i morgen er det ny teaterdag. Så blir det helgesamling på Matre i slutten av oktober og på Nordbygda i november.

Me gler oss til å sjå kva dei unge skodespelarane får til denne gongen.

Tekst og foto: Frank Kvingle



# Skaparglede i Kunstrunden 2020

Siste helga i september vart Kunstrunden 2020 arrangert. Opprinnelig var det planen å gjennomføra arrangementet i påska, men korona-pandemien sette ein stoppar for det.

I alt 15 utstillingsstader i heile Nordhordland opna dørene denne helga. I Masfjorden kunne ein besøkja Atelier Treskhuset, Kjerringholmen Pil og Sandneskaféen.

Eg tek ein tur innom Sandneskafeen. Her nærrast fløymer det over av vakre kunstprodukt. I inngangspartiet har Ranveig Barstad sine elevar i moderne akvarellteknikk fylt veggane. I sjølve kafélokalet kan ein nyta teikningar av Wibeke Moberg Tangen, bilete av Berit Lygre, arbeid i sølv og skinn av Anke Helland, keramikk av Aud Rasmussen og tova biletet av Åse. T.D. Midtbø.

Anne Marit Palmer er representert med fleire vakre, fargerike akrylmåleri.

- Heilt sidan eg var lita jente har eg likt å måla, seier ho.- Etter at eg pensjonerte meg har eg fått meir tid til å dyrka denne interessa, og eg gler meg over å kunne skapa nye måleri.


Eg lurer på korleis bileta blir til, og kvar ideane til motiv kjem frå.

-Eg jobbar intuitivt med måleria og motiv. Vanlegvis begynner eg med grunning. Så legg eg vekselvis kalde og varme fargar over det. Så grip eg fatt i ein detalj og prøver å vidareutvikla denne.

På bileta skimtar ein menneske, kattar og fuglar.

-Besøket denne helga har ikkje vore av det største, fortel kafé- og utstillingsvert Berit Lygre, men det har ein jamt sig av folk som har kome innom, og mest på søndag. Eg synest det er flott at me samarbeider om slike arrangement som kan gjera oss meir synlege, og det er kjekt å oppleva skaparglede og alle uttrykka som er representerte i eit slikt arrangement.

Tekst og foto: Frank Kvinge



# Sterk cd av Jon Martin

Jon Martin Skauge er ute med ny cd. Den har fått tittelen «Med livet som innsats».



I alt 16 låtar har fått plass på plata, og Skauge står både for melodi og tekst på låtane. Alle tekstar er sjølvopplevde, på godt og vondt, og handlar om ting som han har meiningar og tankar om.

Eg likar denne cd-en, først og fremst fordi Jon Martin byr på seg sjølv og fordi tekstane er så ærlege, men og fordi dei innehold mykje humor. Og så er det så flott at han syng på dialekt! Det musikalske er av svært høg kvalitet, og Jon Martin sine vanvittige guitarsoloar kan ta pusten frå nokon og einkvar.

«Lindås 95» er ein song som gjer sterkt inntrykk. Songen handlar om Jon Martin si ungdomsskuletid, der han vart

mobba. Ein stad i teksten syng han om at «han bygde seg opp mens han bygde meg ned». Det er vel slik mobbing fungerer. Alle dei vonde opplevingane prega heile ungdomstida hans.

Ein annan song eg likar spesielt godt er «Dingeldong-songen». Den handlar om å vera den du er, å vera ekte. Dette er på mange vis bodskapen i fleire av songane, i tillegg til dette at vonde erfaringar kan gjera oss sterkare til å møta andre utfordringar.

"Moder vår" er ein veldig bra danselåt. Felespelet minner litt om Odd Nordstoga sin måte å arrangere og lage låter på, synest eg.

-Det var kjekt å få laga noko musikk for meg sjølv att etter gamalt, det har vorte veldig mykje for andre dei siste åra, men no fekk eg prioritert litt for min eigen del, seier Jon Martin. - Eg har allereie idear til nye tekstar liggjande også, så håpar det ikkje går altfor lang tid før eg får laga meir nytt for meg sjølv. Det er også kjekt at mange har gjeve meg positive tilbakemeldingar på musikken. Eg håpar den kan gje meinig for mange.

Gratulerer med eit flott produkt, Jon Martin!

Du kan høyra alle låtane på Spotify. Ønskjer du å kjøpa eit «handfast» produkt kan du ta direkte kontakt med Jon Martin på 97794592.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

A horizontal advertisement for a movie theater. It features a red banner with the logo 'Bygdekinoen' and the text 'Tysdag 20.oktober på Fjon grennahus'. Below this, there are two movie posters: 'Knutsen & Ludvigsen 2 - Det Store Dyret' and 'Børning 3'. Each poster includes a showtime (18:00 or 20:00), a brief description, and the text 'Tilskuer 100 Kr'.

# Dagsturhytta tek form



Sidan kommunestyret i slutten av juni vedtok at hytta skulle plasserast i Grøttneset mellom Mjanger og Kvingo har det vore høg aktivitet i området. Kvinge grendalag har på dugnad lagt ned eit formidabelt arbeid med tilrettelegging. Tomt har blitt klargjort og det er støypt fundament slik at hyttelementa kunne plasserast direkte på ramma. Stiane fram til der hytta skal koma, og i området elles, er utbetra og merka. Det er spikra klopper over fleire våte parti. Det vert for tida laga parkeringsplass ved turstart. Kulturlandskapet på veg til Bakken er stelt. Badestranda ved hytta er rydda. Alt dette arbeidet er utført av grendalaget med gode hjelparar. I tillegg har kommunen gjort det administrative arbeidet som har vore naudsynt for å få framdrift i heile prosessen.

Dei to neste vekene skal tømrarar frå Stad kystbygg gjera ferdig sjølve hytta. Grendalaget er godt i gang med å bygga terrasse og utedo. Terrassen rundt hytta og uthuset er romsleg og vert universelt utforma utan avsatsar og trinn. Området vil i same periode bli skilta og GPS-merka, slik at det skal vera lett å finna fram. Arbeidet med å tilretteleggja

stiane og uteområdet ved hytta vil halda fram utover hausten og til neste år.

Grunneigarlaget på Kvingo har i samband med avgraving av tomt teke på seg å laga trasé for framtidig universell tilkomst til hytta. Dette var eit ønskje frå kommunestyret. Den kilometerlange skogsvegen treng no å tørka ut før arbeidet med toppdekke vert påbegynt. Vegen vil bli ei naturleg forlenging av den universelle turvegen over Stien som grendalaget no er klare til å gå i gang med, og som dei har fått spelemidlar til å realisera. Når alt er ferdig( i 2022) kan ein sykla, trilla barnevogn e.l på 2,4 km turveg heilt frå Nord-Kvingekrysset og fram til hytta, om ein ønskjer det.

Den siste tida har det vore mange skulelystne, både frå fjern og nær, som har besøkt området der hytta står, og dei rosar den vakre plasseringa, naturen rundt og dei fine turløypene i området.

Hytta vil opna dørene utpå hausten, truleg i starten av november. Den offisielle opninga ventar ein med til våren og lysare tider. Dato for begge desse hendingane vil bli kunngjort i god tid på førehand.

I neste nummer av Masfjordingen vil det bli kunngjort praktisk informasjon om hytta, bruksreglar, kart mm.

Tekst og foto: Frank Kvinge  
Masfjorden kommune



# Nytt friluftstilbod ved Kalhovdavatnet

Er du interessert i å fiska eller berre nytta plassen på Bruberget i Kalhovdavatnet til å slappa av, bada eller grilla har du no mulighet til det.

Det er grunneigarane som eig plassen. Dei stiller båt (grøn) og garn til disposisjon.



Dei som vil fiska med garn har førsterett til bruk av båt til å setja eller trekkja garn.  
Hugs å ta ut nygla i båten etter bruk.

Dei som nyttar plassen må hugsa å rydda opp etter seg når dei forlet plassen.

For å koma til Bruberget køyrer du om lag 500m frå krysset mot Kalhovda. Ta så til venstre ned mot vatnet, om lag 200m.

Kos dykk på Bruberget!

Helsing grunneigarane på Kalhovda



# Spelemidlar til Masfjorden

I 2020 har to lag frå kommunen vår søkt og motteke spelemidlar.

Nordbygda samfunnshus er innvilga tilskot til kulturbygg på kr 425 000 i samband med oppgradering av huset. Det er skifta tak og bygd nytt toalettanlegg i kjellar. No står nytt kjøkken for tur.

Kvinge grendalag er innvilga tilskot til nærmiljøanlegg på kr 300 000 til turveg over Stien. Turvegen blir universelt tilrettelagt, med lys, og vil bli kopla saman med løypenettet rundt dagsturhytta.

For begge søknadane er tildelt beløp lågare enn det totale godkjende søknadsbeløpet, nærmere bestemt 50%. Dette betyr at laga kan «gjenta» søknaden i 2021 for å søkja om det resterande beløpet.

Gratulerer, og lukke til med arbeidet!

Tekst: Frank Kvinge, fagleiar kultur

## Trening for alle

Treng du hjelp for å komme i gong med å bli litt meir fysisk aktiv?

Masfjorden kommune har sidan våren 2019 arrangert «Trening for alle» ein gong i veka i kvar av dei tre sonane i kommunen. Me har med dette ønskt å leggja til rette for førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen.

Målgruppe: Alle som ønskjer å koma i meir fysisk aktivitet. Dette gjeld uansett alder og kva utgangspunkt du har.

Me har forsøkt å leggje til rette for at flest mogleg kan vera med. Vi gjer no nokre endringar som gjeld frå veke 42 – veka etter haustferien.

På Hosteland er me ved fotballbana nedanfor skulen. Her har me blitt ein fin gjeng som møtest. Me varierer litt på å gå rundt bana eller i skogen rundt bana, alt etter kven som kjem og kva ein ønskjer. På sørsida har me no vore i kontakt med Helselaget på Kvingo og me endrar no oppmøteplass til butikken på Kvingo. Me heldt fram med oppmøtetid kl 08.30, men er opne for å kunne endre på dette. I Indrefjorden har Helselaget tatt over drifta og har butikken på Haugsvær som utgangspunkt. Her er det ein god gjeng som samlast kvar tysdag. Dei har fått sett opp ein gapahuk og nokre benkar i området som dei brukar bakom butikken.

### Frå veke 42 i 2020:

Hosteland	Måndagar kl 11.00 ved fotballbana.
Kvingo	Tysdagar kl 08.30 ved butikken
Haugsvær	Tysdagar kl 10.30 ved butikken ( Helselaget står for drifta )

Klokkeslett, dag og møteplass er lik kvar gong.

Kvar økt varer i om lag ein time. Det er ein kombinasjon av tur og lett styrketrening. Treninga er ute, så det er viktig å kle seg etter ver og føreforhold. Hugs gode sko.

Håper me ser DEG der. Dette er eit gratis tilbod og det er ikkje påmelding.

Ta kontakt dersom du har spørsmål.

Dersom du treng skyss, skal me sjå kva me klarer å få til.  
Monica Rongved (sjukepleiar) mob.nr.: 408 01 647 eller  
Lene R. Danielsen (fysioterapeut) mob.nr : 474 66 356



# Influensavaksine i Masfjorden kommune 2020-2021



Folkehelseinstituttet (FHI) anbefalar at alle i risiko-/målgruppa tek vaksina. I år vil vaksinasjonen føregå litt annerledes, dette på grunn av korona pandemien. Det vil bli tatt smittevernlege hensyn og difor må me organisere vaksinasjonen i større lokal enn tidlegare.

Det er viktig at dei som er i risikogruppene vaksinerer seg, då det i stor grad er dei same som er i risikogruppe for alvorleg sjukdom av Covid-19.

Desse personane er spesielt tilrådde å ta influensavaksine:

- Alle som har fylt 65 år
- Bebuarar i omsorgsbustadar og sjukeheim
- Barn og voksne med:
  - Diabetes mellitus, type 1 og 2
  - Kronisk luftvegssjukdom
  - Kronisk hjarte- og karsjukdom
  - Kronisk leversvikt
  - Kronisk nyresvikt
  - Kronisk nevrologisk sjukdom eller -skade
  - Nedsatt immunforsvar
  - Svært alvorleg fedme (BMI over 40)
  - Anna alvorleg eller kronisk sjukdom
- Gravide frå 12. veke i svangerskapet

I tillegg anbefalast influensavaksine til:

- Helsepersonell som har pasientkontakt.
- Husstandskontaktar til immunsupprimerte pasientar
- Svinerøktere og andre som har regelmessig kontakt med levande griser.

I år forventar ein større etterspørsel etter vaksinasjon og det må difor gjerast prioriteringar. I første omgang er det personar definert i punkta over som vil bli prioritert for vaksinasjon.

Ein kan lese meir på Folkehelseinstituttet sine heimesider:

<https://www.fhi.no/sv/influenta/influensavaksine/>

I tillegg vil det bli mulighet for vaksinasjon med pneumokokkvaksine for dei som er i risikogruppa for dette så langt det er tilgang på vaksiner.

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/voksenvaksinasjon/pneumokokkvaksinasjon-for-voksne/>

## Vaksinasjonsdagar i Masfjorden kommune vert:

**Indrefjorden, Solheim Grendahus: Måndag 26. oktober kl. 9.30 – 13.30.**

**Sandnes, Fjon Grendahus: Tysdag 27. oktober kl. 9.30 – 13.30.**

**Nordbygda, Nordbygda samfunnshus: Onsdag 28. oktober kl. 9.30 – 13.00 og 15.30 - 18.00.**

**Etter 1. desember kan personar som ikkje er definert i punkta over ta kontakt med Masfjorden helsestasjon eller legekontor ved ynskje om vaksinasjon.**

**Masfjorden helsestasjon: 56 16 63 13 / 56 16 63 14. Masfjorden legekontor tlf. 56 16 63 00.**

Sandnes skulemusikk inviterer til  
**jubileumskonsert**  
på Fjon grändahus

50  
år



Søndag 18. oktober  
kl. 17.00



**PROGRAM:**

Sandnes skulemusikk, dirigent Trine Villanger

Gjestesolist, moromann og dirigent Eirik Gjerdevik

Aspirantar

Jon Martin Skauge og Åsmund Kvinge- gitar,

Jørn Skauge- piano

Marte Kvamme Andersen, Trine Ekren og

Silje Kvamme Andersen - vokal

Konferansier: Lovisa Midtbø

Koronapandemien gjer at me i denne omgang nøyser oss med ein rein jubileumskonsert. Me har fokus på smittevern og avstand i salen gjer at det vert avgrensar plassar og inga matservering.

Billettprisar: Vaksne kr 100

# TV-aksjonen i år er digital

Det vil seie at det skal lagast digitale bøsser som skal nå ut til alle innbyggjarar i kommunen

Havet er fantastisk. Det er lungene til jorda, og det har gjeve liv til alt levande på planeten vår. Men no er havet truga.

Åtte millionar tonn plast hamnar i havet, kvart einaste år. Plasten trugar ikkje berre dyrelivet, men også oss menneske. Med konkrete tiltak der problema er størst skal årets TV-aksjon ta plastproblemets ved rota. Saman skal me redusera plastutsleppa og ta vare på verdshava.

«Plast som hamnar i havet blir ikkje brote ned. Han deler seg opp og blir til mikroplast. Dyre- og fiskelivet får dermed plast i systema sine. Som konsekvens av dette får me i oss plast gjennom maten me et og lufta me pustar inn. Gjennomsnittleg fem gram i veka - tilsvarannde vekta av eit kredittkort», seier fylkesaksjonsleiar for TV-aksjonen i Vestland, Marthe Jansen.

TV-aksjonen 2020 er tildelt WWF, og er øyremerka arbeidet dei gjer for å hindra at plast hamnar i verdshava. Midlane skal mellom anna gå til å etablira og betra avfallssystem, samla inn og resirkulera søppel, kutta bruken av unødvendig plast og gje ei opplæring til elevar og lærarar om konsekvensen av plast for helse og miljø.



Det vil seie at det skal lagast digitale bøsser som skal nå ut til alle innbyggjarar i kommunen.

Kvar person, kvar lag, kvar bedrift, kvar skule, kvar skuleklasse - nær sagt kvar av alt og alle, kan lage ei digital bøsse.

## Slik lagar du ei digital bøsse:


1. Gå inn på [blimed.no](http://blimed.no)
2. Trykk «bli (digital) bøssebærer»
3. Fyll ut skjema og trykk «register»
4. Få eit svar på e-post med lenke til din/dykka digitale bøsse. Du vil og få informasjon om korleis endre namn og bilete på bøssa

**Om du ikkje vil lage di eiga, kan du bruke kommunen si digitale bøsse ([www.spleis.no](http://www.spleis.no)).**

Innsamling på bøssene skjer frå 5. oktober fram til aksjonsdagen 18. oktober.  
Bøssa vil vere open for bidrag til 1. november.

Du kan også lese meir om TV-aksjonen på heimesida til kommunen

Helsing kommuneaksjonsleiinga  
v/ordførar Karstein Totland  
Torill Torsvik Størkersen, Erlend Kvamsdal  
Camilla Hjelmeland



## Kontaktinformasjon til kyrkja

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes  
Kontortid: måndag - torsdag  
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515  
E-post [kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no)

Diakoni og undervisningsleiar:  
Helga Ekehaug  
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612  
e-post:  
[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

Sogneprest, vikar: Harald Sundsbø  
Tlf.: 95976864  
e-post: [h-sund@online.no](mailto:h-sund@online.no)

Konfirmantprest, vikar: Kristine Bleikli  
Tlf.: 411 89 809  
[kristine.bleikli@masfjorden.kommune](mailto:kristine.bleikli@masfjorden.kommune)

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

## Stoff-frist for Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen: 16. november

Noter desse datoane i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

## Kontaktinformasjon til kommunen

Telefon: 56 16 62 00  
Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Arbeidsgruppa for Masfjordingen:

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

Formgjeving: Mary Hope